

Voss Virka – Status oktober 2025

Dette dokumentet er ei skriftleg oppsummering av møte i prosjektgruppa den 22. oktober. Tilhøyrande presentasjon er: [VossVirka_StatusOktober2025.pdf](#)

1. Innleiing

Voss Virka er no i ein investeringsfase med tydeleg framdrift innan bioøkonomi og sirkulære verdikjeder. Prosjektet spring ut frå etableringa av biogassanlegget på Bjørkemoen, der koplinga mellom jordbruk og industri står sentralt. Bioøkonomien på Voss skal bidra til både berekraftig ressursutnytting, verdiskaping og utvikling av nye næringsaktørar.

Gjennom året har Voss Virka styrka si rolle som ein regional aktør i omstillinga til sirkulær industri. Prosjektet er forankra i internasjonale, nasjonale og regionale målsetjingar innan klima, sirkulærøkonomi og energiomlegging, og kan sjåast i samanheng med eit større europeisk arbeid for grøn industriutvikling.

2. Strategisk forankring

Arbeidet i Voss Virka er i tråd med internasjonale, nasjonale og regionale mål for omstilling.. Prosjektet koplar matproduksjon, fôrproduksjon, biogass, gjødselproduksjon og avfallshandtering, og utgjer eit praktisk døme på korleis landbruk og industri kan samhandle.

Prosjektet posisjonerer seg samstundes som ein arena for innovasjon og læring, med samarbeid mot forskings- og utdanningsinstitusjonar som NIBIO, NORCE, NHH, NMBU, Sintef, Vestlandsforskning og HVL. Dette gjev eit solid fagleg grunnlag for å byggje vidare på den sirkulære satsinga og forankre initiativa i forskning og næringsutvikling.

3. Prosjektfase og suksesskriterium

Voss Virka er inne i investeringsfasen (2024–2027). Målet er å sikre naudsynt finansiering, etablere strategiske partnerar og byggja infrastruktur og organisering for vidare vekst. Denne fasen legg grunnlaget for «haustefasen» – ein periode med kommersiell drift, skalering og lønsemd.

Erfaringar frå bioparkar som Kalundborg og GreenLab Skive viser at suksess er avhengig av tydelege roller, komplementære partnarar, enkel struktur, lønsemd som drivkraft og tiltak mot motstridande interesser. Voss Virka tek lærdom av desse modellane, samstundes som prosjektet vert tilpassa lokale føresetnader og mål.

Det kommersielle målet på lengre sikt er å:

- Sikre skalering for aktørane i parken
- Tiltrekke seg fleire aktørar til parken,
- utvikle forretningsmodellar for sirkulær industriutvikling,
- utvikle Voss Virka som energileverandør gjennom bio- og grunnvarme,
- og bidra som samfunnsaktør og innovasjonshub for bioøkonomien.

Ni hypotesar er definerte som avgjerande for suksess. Blant dei viktigaste er at finansiering og drift vert sikra i 2–4 år, at eksisterande oppstartsbedrifter lukkast med skalering, at nye robuste aktørar vert rekrutterte, og at ein innovasjonshub vert etablert på kort sikt.

4. Finansiering og søknadsstatus

Finansiering er sikra ut 2026, noko som gjev rom for vidare arbeid. Hausten 2025 har vore prega av omfattande søknadsarbeid mot nasjonale og internasjonale utlysingar:

- **IPN Gjødsele:** Søknad sendt i september 2025 (16 mill i støtte, 49 mill. totalt). Prosjektet omfattar heile verdikjeda frå råstoff til bruk av biogjødsel og etablering av eit gjødsellaboratorium. Det er venta svar før årsskiftet.
- **EU-prosjektet RINNG:** Horizon Europe-søknad under Cluster 6 med Voss Virka som pilot. Prosjektet fokuserer på samfunns- og næringsutvikling i by-nære regionar, med tiltak for avfall, landbruk og kompetansebygging.
- **Grøn plattform:** Voss Virka er partnar i søknad leia av Greentech Innovators. Søknaden er vidare til intervju, og tildeling er venta innan utgangen av året.
- **IPN Veksthus:** Voss Virka og Bjørke Sandtak er partnarar i søknad som undersøker nye veksthus teknologiar og energiløysingar.

Samla utgjer søknadene støttebeløp på om lag 35 millionar kroner, noko som gjev eit betydeleg potensial for vidare utvikling dersom éin eller fleire tildelingar går inn.

Finansieringa ut 2026 er basert på tilskot frå Innovasjon Norge, Sparebankstiftinga Hardagner og Voss, Enova og Vestland fylkeskommune.

5. Framdrift i delprosjekta

Skalering av oppstartsbedrifter

- *Invertapro* arbeider vidare med finansiering og skalering fram mot 2027. Dei har fått positiv vurdering i EUROSARS-programmet og planlegg ny innsending våren 2026. Dei jobbar tett med Innovasjon Norge og ulike investorar for å sikra midlar til skalering.

- Voss Microz har flytta inn i nye lokale, auka produksjonen og styrkt marknadsgrunnlaget.

Investeringar hjå bønder

Voss herad og Innovasjon Noreg har auka tilskota til investeringar i landbruket, men det er behov for vidare innsats sidan statsbudsjettet føreslår kutt i regionale utviklingsmidlar.

Grunnvarmeprosjektet

Forprosjektet pågår, med testing av energibrønner og analyse av løysingar for varmeuttak, infiltrasjon og investering. Prosjektet er godt posisjonert i lys av EUs Clean Industrial Deal, der termisk energi og varmepumper vert høgt prioriterte.

Veksthusprosjektet

Arbeidet med grunnlag for veksthusproduksjon på Bjørkemoen held fram. Nye teknologiar for energieffektive veksthus vert vurderte, og det er planlagt forprosjektsøknad gjennom Forregion før årsskiftet.

Innovasjonshuset Bjørkemoen

Arbeidet med etablering av Innovasjonshuset går vidare. Målet er å samle fleire aktørar og pilotar innan bioøkonomi under eitt tak.

6. Partnerskap og arealstrategi

Implement Group har utarbeidd ein partnerstrategi for Voss Virka. Arbeidet prioriterer:

- samarbeid med forskingsmiljø,
- utvikling av kapitalpartnerar,
- og rekruttering av nye verksemder til parken.

Arealstrategien er tredelt:

1. Fylle eksisterande bygg (Bjørkemoen 46 og andre ledige lokale).
2. Etablere aktivitet på ferdigregulerte område.
3. Delta i planarbeidet for det nye området som Voss herad er i ferd med å kjøpe.

Denne strategien skal sikre både kortsiktig aktivitet og langsiktig utvikling av ein komplett sirkulær industripark.

7. Kommunikasjon og samfunnsarbeid

Kommunikasjonsarbeidet vert vidareført under strategien **Fans – FOMO – Fart**, som symboliserer behovet for entusiasme, synlegheit og framdrift. Målet er å skape positiv merksemd og engasjement i lokalsamfunnet og hjå potensielle partnerar.

Strategisk kommunikasjon rettar seg både mot verkemiddelapparatet, styresmakter og allmenta. Samarbeid med Agenda Rådgiving og lokale ressursar vert vurdert for å styrkje formidlinga. Det vert lagt vekt på å vise heilskapen i arbeidet – at alle delprosjekt inngår i ei samla satsing på sirkulær bioøkonomi og grøn industriutvikling.

8. Oppsummering og vegen vidare

Voss Virka står ved utgangen av 2025 som ein tydeleg aktør i utviklinga av ein regional bioøkonomi på Vestlandet. Det er oppnådd solid framdrift i både finansiering, partnerskap og tekniske prosjekt, og satsinga har styrkt posisjonen sin i nasjonale og europeiske program.

Dei neste stega vert å:

- følgje opp pågåande søknader og sikre varig finansiering,
- vidareutvikle grunnvarme- og veksthusprosjekta,
- etablere Innovasjonshuset og styrkje innovasjonsøkosystemet,
- og utvikle kommunikasjon og samfunnsforankring.

Med finansiering sikra ut 2026 er Voss Virka godt rusta til å gå inn i neste fase med styrkt fart, samarbeid og synlegheit.